


Norsk Etnologisk Gransking. Emne nr. 29. Svar frå
Knut C. Rønnevik, Tysvær herad, Rogaland fylke.

1. Det er først i siste mannsalderen at dette har vore kjendt her og i dei siste 20 - 30 åra at det har vore vanleg i foreningar og heimar med jolenisse. Jolenis-
først kjendt gjennom jolehefter og böker.
2. Jolegåvene vert lagde ved foten av joletreet og jole-
nissen delar dei så ut.
3. Til Jolenisse kan både menn og kvinner kle seg ut,
men ikkje born.
4. Jolenissen er utstyrt med maska med stort kvitt
skæg, og så tek ein gjerne ein gamall frakke eller
kåpa utanpå.
5. Ein kjøper maskene.
6. Ja, men det er ikkje mykje brukt å gå jolebukk her.
7. Ikkje det eg veit, men ein vart kalla jolebukk dersom
ein ikkje fekk jolegåvor.
8. Ja, eldre folk gjer nok det, men ikkje born og unge.
9. Nei, ein kjenner ikkje til det her nå.

Rønnevi, 31/3 1953



Knut C. Rønnevik.

† Adr. Förland.